



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/232-

1.februar 2019

**Svar på Spørsmål nr. 803 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Eigil Knutsen til samferdselsminister Jon Georg Dale**

**Spørsmål:**

Vil Samferdselsministeren be BaneNor finne en midlertidig løsning, eller er det regjeringens oppfatning at Koengen er det eneste aktuelle alternativ i saken?

**Svar:**

I Prop. 1 S 2017-2018 står det at "Bybanen har planlagt å ta i bruk arealar som i dag brukes til Kronstadsporet og Mindemyren godsterminal. For å frigi disse arealene må det bygges en midlertidig erstatningsterminal for biltogene som i dag kjører til Mindemyren".

Bane NOR og Jernbanedirektoratet har jobba iherdig med å sjå på moglegheiter for andre løysingar og har orientert departementet om dei andre midlertidige erstatningsareal dei har vurdert. Dei kartlagde alternativa til Koengen er:

- **Palmafossen** – Ikkje eit aktuelt alternativ fordi det inneber for lang avstand til sluttkundane, det ville blitt auka trafikk på ein ras- og ulykkesutsett veg og det er difor vurdert som eit ikkje aktuelt alternativ for transportørane.
- **Arna stasjon** – Ikkje eit aktuelt alternativ fordi det er kontinuerleg ombygging i heile perioden i tillegg til at sjølve området er for lite samanlikna med behovet for areal.
- **Haukeland og Midttun** – Ikkje aktuelle alternativ fordi dei krev store tekniske oppgraderingar, i tillegg til at bruk vil innebere sikkerheitsutfordringar. Transportørane ynskjer heller ikkje denne løysinga. Stasjonane er óg del av den gamle Vossebanen som er freda av Riksantikvaren.
- **Jekteviken (Dokken)** – Ikkje eit aktuelt alternativ fordi det krevst store oppgraderingar for å kunne ta området i bruk i tillegg til at bruk av området vil krevje kryssing av Bystasjonen, Fjøsangervegen og O. J. Brochs gate.

- **Nygårdstangen** – Ikkje eit aktuelt alternativ fordi Nygårdstangen skal byggast om og i byggeperioden vil det ikkje vere tilstrekkeleg plass.

Dei faglege tilrådingane frå Jernbanedirektoratet, er at det eksisterande jernbanearealet på deler av Koengen det einaste aktuelle erstatningsområdet for godstoga som i dag brukar jernbaneterminalen på Mindemyren.

Jernbanedirektoratet og Bane NOR har anbefalt ei løysning der toga vert parkerte delvis i dagens tunell og der dei siste 2-3 godsvognene vert køyrt ut på parkeringsplassen ved Koengen. Dette gjer at tiltaket vert begrensa både i omfang og kostnad. Kostnaden for tiltaka på Koengen er no vesentleg lågare enn dei første estimata tilsa.

Jernbanearealet på den eine kanten av Koengen-området er eit midlertidig tiltak fram til Nygårdstangen er ferdig modernisert. Eg er blitt forsikra om at alle tiltaka som eventuelt blir gjennomførte er reversible og at området på Koengen vil få eit løft samanlikna med dagens situasjon. Bruken i den midlertidige perioden vil vere tilsvarande dagens bruk som parkeringsplass, men det vil også vere nokre vogntog på eigedomen. Om tiltaket blir realisert, vil Bane NOR og Jernbanedirektoratet legge til rette for at området som dei fleste kjenner som Koengen, vil være tilgjengeleg for tilsvarande kulturell bruk som i dag også i heile den midlertidige perioden.

Viss ein lokalt ikkje ønskjer Koengen, vil det medføre at ein må frakte nybilar med alternative transportmidlar.

Med helsing

Jon Georg Dale

Vedlegg:

Det midlertidige areale på Koengen er markert i bildet som det skraverte området innanfor den røde sirkelen.

